



## MØTEINNKALLING

**Utval:** Plan og byggenemnd  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 07.03.2014  
**Tid:** 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 03.03.14

Tor Sindre Steinsvik  
leiar

## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 1/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/14	Protokoll frå førre møte
PS 3/14	Toftestøvegen 11 - bustadar for unge funksjonshemma - orientering om status
PS 4/14	Ny barneskule på Bergsøy - planleggingsprosess
PS 5/14	Omsorgsbustadar med heildøgns pleie- og omsorg - planleggingsprosess

Sakene blir delt ut i møtet.



PS 1/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/14 Protokoll frå førre møte

PS 3/14 Toftestøvegen 11 - bustadar for unge funksjonshemma - orientering  
om status



Eigedomsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2012/639
		Arkiv:	614

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/14	Plan og byggenemnd	07.03.2014

### NY BARNESKULE PÅ BERGSØY - PLANLEGGINGSPROSESS

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Plan- og byggenemnda ber rådmannen om å utarbeide funksjon- og arealanalyse for ny barneskule på Bergsøy.
2. Funksjons- og arealanalyse skal handsamast av kommunestyret innan 31.10.2014.

Særutskrift:

Skuleavdelinga v/ Sølvi Lillebø Remøy  
Eigedomsavdelinga v/ Robert Myklebust  
Anlegg og driftsavdelinga v/ Jon Rune Våge

## Uprenta vedlegg:

1. K-sak 168/13
2. K-sak 27/13
3. K-sak 172/13

## Saksopplysningar:

Saka gjeld planleggingsprosess for bygging av ny barneskule på Bergsøy.

### Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 168/13 å løyve kr. 300 000 til planlegging av ny barneskule på Bergsøy.

Budsjettløyvinga må sjåast i samanheng med kommunestyrets tidlegare vedtak om å bygge ny barneskule på Bergsøy, sjå K-sak 27/13 og K-sak 172/13 i vedlegg 2 og 3.

### Planlegging av byggeprosjekt generelt

Rådmannen organiserer planlegging og gjennomføring av byggeprosjekt etter fylgjande ansvars- og framdriftsmodell:

#### *Budsjett*

Eit byggeprosjekt startar normalt med eit vedtak i kommunestyret om løyving av planleggingsmidlar og/eller utbyggingsmidlar.

#### *Funksjons- og arealanalyse*

Sjølve planleggingsarbeidet startar normalt med ei funksjons- og arealanalyse, utarbeida av eigedomsavdelinga og den aktuelle fagavdeling i felleskap.

Funksjons- og arealanalyse er å sjå som ei behovsmelding frå framtidig forvaltar og leietakar og skal kvalitetssikrast av anlegg- og driftsavdelinga før oversending til kommunestyret for godkjenning.

#### *Forprosjekt*

Funksjons- og arealanalyse er grunnlaget for vidare arbeid med prosjektet, herunder utarbeiding av eit eventuelt forprosjekt. Det er anlegg- og driftsavdelinga som har ansvar for forprosjektet og skal utarbeidast i samråd med eigedomsavdelinga og den aktuelle fagavdeling.

#### *Kravspesifikasjon*

Forprosjektet utgjer grunnlaget for utarbeiding av kravspesifikasjon i forkant av anbuds konkurranse, i samråd med eigedomsavdelinga og den aktuelle fagavdeling.

Det er eit vesentleg føremål med ovannemde prosess å sikre at dei relevante avdelingane vert involvert i byggeprosjektet til rett tidspunkt. Det er vidare eit føremål å kvalitetssikre prosjektet så godt råd er opp mot framtidig drift, før anlegg- og driftsavdelinga tek over ansvaret for vidare prosjektering og framdrift.

**Vurdering og konklusjon:**

Planleggingsarbeidet for ny barneskule på Bergsøy er relativt omfattande, men sjølve planleggingsprosessen skil seg ikkje prinsipielt sett frå andre byggeprosjekt.

Skuleavdelinga får det innleiande ansvaret for utarbeiding av funksjons- og arealanalyse for nytt skulebygg, i samråd med eigedomsavdelinga når eit fyste utkast er utarbeida.

Det er i budsjett 2014 løyvd kr. 300 000 i planleggingsmidlar. Det er i økonomiplan ikkje løyvd midlar til sjølve utbygginga. Av omsyn til budsjettprosessen 2015 bør såleis funksjons- og arealanalyse utarbeidast i god tid før endeleg budsjettvedtak 2015, slik at ein får innarbeida ytterlegare behov for planleggingsmidlar og eventuell oppfinansiering av prosjektet i budsjett- og økonomiplanen.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen særskilte konsekvensar.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilte konsekvensar.

Konsekvensar for drift:

Ingen særskilte konsekvensar.

Fosnavåg, 20.02.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Robert Myklebust  
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2014/337
		Arkiv:	614

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/14	Plan og byggenemnd	07.03.2014

### OMSORGSBUSTADAR MED HEILDØGNS PLEIE- OG OMSORGSFUNKSJON

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Plan- og byggenemnda ber rådmannen om å utarbeide funksjon- og arealanalyse for omsorgsbustadar med heildøgns pleie- og omsorgsfunksjon.
2. Funksjons- og arealanalyse skal handsamast av kommunestyret innan 31.10.2014.

Særutskrift:

Pleie- og omsorgsavdelinga v/ Ragnhild Velsvik Berge  
Eigedomsavdelinga v/ Robert Myklebust  
Anlegg- og driftsavdelinga v/ Jon Rune Våge



## Uprenta vedlegg:

1. K-sak 168/13

## Saksopplysningar:

Saka gjeld planleggingsprosess for bygging av omsorgsbustadar med heildøgns pleie- og omsorgsfunksjon.

### Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 168/13 å løyve kr. 300 000 til planlegging av omsorgsbustadar med heildøgns pleie- og omsorgsfunksjon. I økonomiplanen for 2015 er det vidare avsett kr. 20 mill. i utbyggingsmidlar i 2015.

Budsjettløyvinga må sjåast i samanheng sak om mellombels godkjenning av Herøy omsorgssenter – gul avdeling. Omsorgsbustadane er meint å erstatte dagens sjukeheimsdrift ved avdelinga, som også huser kontorplassar for heimetenestene samt andre logistikkfunksjonar (vaskeri, garderobe mv.).

### Planlegging av byggeprosjekt generelt

Rådmannen organiserer planlegging og gjennomføring av byggeprosjekt etter fylgjande ansvars- og framdriftsmodell:

#### *Budsjett*

Eit byggeprosjekt startar normalt med eit vedtak i kommunestyret om løyving av planleggingsmidlar og/eller utbyggingsmidlar.

#### *Funksjons- og arealanalyse*

Sjølve planleggingsarbeidet startar normalt med ei funksjons- og arealanalyse, utarbeida av eigedomsavdelinga og den aktuelle fagavdeling i felleskap.

Funksjons- og arealanalyse er å sjå som ei behovsmelding frå framtidig forvaltar og leigetakar og skal kvalitetssikrast av anlegg- og driftsavdelinga før oversending til kommunestyret for godkjenning.

#### *Forprosjekt*

Funksjons- og arealanalyse er grunnlaget for vidare arbeid med prosjektet, herunder utarbeiding av eit eventuelt forprosjekt. Det er anlegg- og driftsavdelinga som har ansvar for forprosjektet og skal utarbeidast i samråd med eigedomsavdelinga og den aktuelle fagavdeling.

#### *Kravspesifikasjon*

Forprosjektet utgjer grunnlaget for utarbeiding av kravspesifikasjon i forkant av anbodskonkurranse, i samråd med eigedomsavdelinga og den aktuelle fagavdeling.

Det er eit vesentleg føremål med ovannemde prosess å sikre at dei relevante avdelingane vert involvert i byggeprosjektet til rett tidspunkt. Det er vidare eit føremål å kvalitetssikre prosjektet så godt råd er opp mot framtidig drift, før anlegg- og driftsavdelinga tek over ansvaret for vidare prosjektering og framdrift.

### **Vurdering og konklusjon:**

Bygging av nye omsorgsbustadar med heildøgns pleie- og omsorgsfunksjon er meint å erstatte dagens sjukeheimsdrift ved Herøy omsorgssenter – gul avdeling.

Fortsatt drift ved gul avdeling føreset at kommunestyret gir dispensasjon for sjukeheimsdrift i ei ny mellombels periode inntil eit alternativ er på plass. Sak om dette vert fremma til kommunestyremøtet 27.03.2014. Framdrifta i planlegginga av omsorgsbustadar er difor av relevans for kommunestyrets handsaming av dispensasjonssøknad for gul avdeling.

Gul avdeling er også arbeidslokale for heimetenesta. I tillegg huser bygget vaskeri og lagerfunksjonar som vil måtte reetablerast ved eventuell stenging av gul avdeling.

Pleie- og omsorgsavdelinga vil få det innleiande ansvaret for utarbeiding av funksjons- og arealanalyse for nye omsorgsbustadar, i samråd med eigedomsavdelinga når eit fyste utkast er utarbeida. Ein må i planleggingsprosessen særleg ta omsyn til at flytting føreset frivilligheit frå pasientane si side og alternative forslag til reetablering av dagens arbeidsplassar for heimetenesta.

Utfordringa med å bygge omsorgsbustadar no, er at kommunen ikkje har avklart korleis framtidens omsorgstenester skal organiserast eller geografisk plasserast. Difor må kommunestyret ved godkjenning av funksjons- og arealanalyse for nye bustadar også ta stilling til om kommunen skal bygge bustadar innanfor dagens sjukeheimsområde, bygge i eigen regi på alternativ kommunal eigedom eller om ein skal kjøpe seg inn i eit privat prosjekt.

Det er i budsjett 2014 løyvd kr. 300 000 i planleggingsmidlar. Av omsyn til budsjettprosessen 2015 bør funksjons- og arealanalyse utarbeidast i god tid før endeleg budsjettvedtak 2015, slik at ein får innarbeida eventuelt behov for planleggingsmidlar og oppfinansiering av prosjektet i budsjett- og økonomiplanen.

#### Konsekvensar for folkehelse:

Omlegging frå sjukeheimsdrift til døgnbemanna omsorgsbustad vil krevje god planlegging og grundig informasjon til både pasientar, pårørande og personale for å unngå usikkerheit og unødige uro.

#### Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilte konsekvensar.

#### Konsekvensar for drift:

Ei omlegging frå sjukeheimsdrift til døgnbemanna omsorgsbustad inneber ei formell avheimling av 10 sjukeheims plassar og ei formell endring i tenesteinnhald for pasientane. Pasientane kan flyttast over til omsorgsbustadar, men då må dei godta at hjelpetilbodet formelt vert endra frå sjukeheim til omsorgsbustad. Alternativt får dei plass i anna sjukeheimsavdeling. Dette må planleggast saman med den enkelte pasient/pårørande.

For dei tilsette som vert med over i eit eventuelt nybygg, vert tilsettingsforholdet endra frå institusjon til heimeteneste.

Det er avgjerande viktig for god logistikk i bruken av personalressursar i bygget, og kjøkken- og øvrige driftsfunksjonar at dette vert i tilknytning til alt eksisterande tenester.

Fosnavåg, 04.03.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Robert Myklebust  
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust